



Volda  
kommune

# Pressemelding

29.05.2020

Oppvekst

## **BARNEHAGAR OG SKULAR GÅR MOT NORMAL OPNINGSTID**

Regjeringa har varsla endringar i smitteverntiltaka i barnehagar og skular. Det tyder ikkje at vi er i ein normalsituasjon. Det er framleis krav til faste inndelingar av barne- og elevgrupper og avstand mellom desse. På uteområda skal det framleis vere avstand mellom dei ulike gruppene, og det krev forsterka tilsyn.

Barnehagane og skulane vil setje seg godt inn den reviderte rettleiaren som har kome i dag, og planlegge for auka opningstid.

I løpet av neste veke kan foreldre vente seg at opningstida i barnehagane vert 08.00 til 16.00. Den same opningstida vil skulane ha for elevar som har SFO.

Barnehagane og skulane vil i tillegg kartlegge kva behov det er for tilsyn utover denne opningstida, og vil så langt som råd kome i møte desse behova.

Tysdag 02.06.20 vil den enkelte barnehage og skule kome ut med meir detaljert informasjon til «sine» foreldre om tidspunkt for ny opningstid.